



BORE KYRKJE
SETT - FAMNA - UTFORDRA

Møteprotokoll

Råd: Bore sokneråd
Møtestad: Kyrkjestova
Dato: 27.04.2022
Tid: kl. 19:00

Følgjande møte:

Elisabet Haarr
Hilde Eikeland
Ivan Fjeld
Jens Kåre Bore Stokka
Jonas Meling Berge
Marita Midtun Finstad
Nicolai Homme
Torunn Renate Bore
Torill S Bøen

Rolle

Medlem
Andre
Medlem
Medlem
Medlem
Medlem
Leiar
Nestleiar
Vara

Forfall: Elisabeth K Jørgensen vara

Sakliste**Sak nr.**

22/023

22/024

22/025

22/026

22/027

22/028

Sakstittel

Godkjenning av innkalling

Godkjenning av referat

Samtale om arbeidet april

Informasjon til og frå fellesrådet april

Orienteringar april

Eventuelt april

22/023 Godkjenning av innkalling

Forslag til vedtak:
Innkalling blir godkjent.

BS - 22/023 Vedtak:

Innkalling godkjent.

22/024 Godkjenning av referat

Forslag til vedtak:
Referat fra forrige møte godkjent.

BS - 22/024 Vedtak:

Referat fra forrige møte godkjent.

22/025 Samtale om arbeidet april

Forslag til vedtak:

Soknerådet samtalar og gjer vedtak i møtet

Flyktningar frå Ukraina; Me er i kontakt med Frivillighetssentralen, og vil få informasjon frå dei når det kjem flyktningar til Bore. Ivan og Torunn Renate tek initiativ til eit informasjons møte for menigheten ang "vertsfamilie"/ Kleppvenn når det byrjar å bli busett flyktningar. *Kyrkjetenarstillinga* er ledig frå august og er no lyst ut. Tips aktuelle søkarar. Det blir *menighetsweekend* 4. - 6.nov på Ognatun, og me må få ut informasjon på Info mailen og byrje å samla ein komite. Dagleg leiar spør aktuelle personar til komiteen. *Francois Botes* kjem til Bore kyrkje 23. - 25. sept. Ivan tek med seg spørsmål ang *Alpha kurs våren 2023* til møte med leiarane i husfellesskapa. Soknerådet ønskjer at me får dette til i samarbeid med husfellesskapa

BS - 22/025 Vedtak:

Soknerådet ber dagleg leiar starte arbeidet med komite til weekenden og å få ut informasjon. Soknerådet ber sokneprest og nestleiar om å ta initiativ til info-møte i samband med flyktningane frå Ukraina. Soknerådet ber sokneprest undersøka moglegheitene for Alpha kurs våren 2023.

22/026 Informasjon til og frå fellesrådet april

Forslag til vedtak:

Soknerådet drøftar og gjer vedtak i møtet.

Vindskjerming ved inngangspartiet. Det er vanskeleg å komma med gode forslag til vindskjerming, men dette er eit stort problem for folk som skal inn og ut av kyrkja. Mange trur døra er låst. Soknerådet ønskjer å få ei profesjonell vurdering av kva som kan gjerast her, og deretter midler til utbedrande tiltak. Eit alternativ om det ikkje let seg gjera med vindskjerming er sterkare motor til døroppnaren på hovuddøra. I dag er det til tider nesten umogleg å opne døra, dette er særleg uheldig i gravferder.

Renovering av altertavla. Den flotte altertavla frå 1628 er svært mørk og slitt og det er mykje talg på nedre del av tavla. Altertavla er eit smykke i kyrkja, og hadde fortent å komma betre fram. Altertavla er ein av dei eldste gjenstandane i Klepp, og fortener å verte godt teken vare på.

Søyla til høgre ved inngangspartiet til kyrkja har roteskadar og må skiftast før dette blir verre.

Det manglar fleire smale gull-lister på preikestolen, desse vil me gjerne få på plass igjen.

BS - 22/026 Vedtak:

Bore sokneråd ønskjer følgande for investeringar/vedlikehald for 2023:

1. Vindskjerming ved inngangspartiet til kyrkja. Soknerådet ønsker å få ei profesjonell vurdering av kva som kan gjerast her, og midler til utbetring.
2. Sterkare motor til døropnaren på hovuddøra. I dag er det til tider nesten umogleg å opne døra, dette er særleg uheldig i gravferder. (Kun om vindskjerming ikkje er mogleg)
3. Renovering av altertavla. Den flotte altertavla frå 1628 er svært mørk og slitt, det er og mykje talg på nedste del av tavla.
4. Søyla til høgre ved inngangspartiet har roteskadar og må skiftast før dette blir verre.
5. Det manglar fleire smale gull-lister på preikestolen, desse vil soknerådet gjerne få på plass att.

22/027 Orienteringar april**Forslag til vedtak:**

Soknerådet tek saka til orientering

Det vert Tårnagent samling 21 og 22 mai.

Vil Bore kyrkje gå i Folketoget 17.mai? DL sjekkar med Klepp, og me heng oss ev. på dei. Informasjon om Pilegrimsvandringar er gitt til soknerådet.

Me manglar ein vert til gudstenesta 31.juli : Jens Kåre tek denne.

G2 komiteen er ikkje heilt i gong enno. Det trengs fleire folk med. Komiteen spør dei som vart nemnd i møtet om å vere med i G2 komiteen. Me tek status på dette neste sokneråd.

BS - 22/027 Vedtak:

Soknerådet tek saka til orientering

22/028 Eventuelt april**Forslag til vedtak:**

Bore sokneråd flyttar møta til tysdagar frå hausten 2022.

BS - 22/028 Vedtak:

Bore sokneråd flyttar møta til tysdagar frå hausten 2022.